



Solid forsikrings-selskap som jobbar etter "kyrkjetårnprinsippet"

Møretrygd er lokalt forankra på Nordvestlandet, og ynskjer å sjå sine kundar frå "kyrkjetårnet" for å kunne ha god kunnskap om dei som blir forsikra, slik at dei får rett premie og rett tilbod. Møretrygd er eit gjensidig selskap, dvs. at medlemne eig og styrer selskapet.

NF har besøkt Møretrygd Gjensidig Forsikring i Ålesund og tatt ein prat med Adm. Dir. Bjørn Harald Bakke.

Møretrygd har røter heilt tilbake til 1866. I 1871 blei Aalesunds & Moldes Skibsassuranceforening stifta og selskapet reknar dette året som stiftingsår. Selskapet har sidan starten bygd opp ein sterk posisjon i marknaden, og er marknadsleiande på forsikring av kyst- og fiskefarty på Nordvestlandet. I dag er dei også aktive på forsikring av offshorefarty og byggerisiko.

For å styrkje det landbaserte forsikringstilbodet blei selskapet VB Forsikring Gjensidig Trygdslag (Volda

Branntrygdslag) fusjonert med Møretrygd i 2008. Møretrygd har tre kontor: Ålesund, Fosnavåg og Volda. Den landbaserte delen av verksemda har setet sitt i Volda. Språket er nynorsk, i beste ånd etter Ivar Aasen. Dei er einaste selskapet i landet som har forsikringsvilkåra for landbasert forsikring på nynorsk.

Distriktet Møretrygd dekkjer er Nordvestlandet, frå Nordfjord i sør til Kristiansund i nord, og innover i landet eit stykke.

Omsetningsutviklinga

Omsetninga av landbasert forsikring har auka frå 12 millionar i 2008 til 36 millionar i dag. Sjøforsikringa har auka frå 65 til 85 millionar. Lokalt på Sunnmøre har selskapet ca. 70-80 % av marknaden for fiskefartøy. Totalomsetninga er på 120 millionar og her utgjer offshoreporteføljen 10-12 millioner.

– Fiskefarty har vore og er kjerneverksemda vår, seier Bakke. I porteføljen har vi ca. 450 fiskefarty frå små sjarkar til fiskefabrikksskip, med et verdispenn frå kr. 200.000 til 300 millionar. Omkring 70 store farty er forsikra hos oss.

– Vi har ein plan om å utvikle landbasert forsikring til å bli like stor som sjøforsikringa om 8-10 år, og ynskjer å auke kontrollert. Vi har det ikkje travelt, vi har råd til å gjere ein skikkeleg jobb.

Den bokførte eigenkapitalen til Møretrygd er i dag på 280 millionar. Overskotet i 2010 var på ca. 9 millionar, etter at selskapet hadde gjeve sjøforsikringsmedlemene ein premierabatt på 8 millionar. Dei jobbar langsiktig.

Stabile tilsette

Møretrygd har 18 tilsette. Dei tilsette er gode fagfolk med lang erfaring, i snitt over 20 år. Det har blitt delt ut ein del gullur gjennom åra.

Halvparten av staben jobbar med sjøforsikring og dei har eit breitt samansett kompetansegrunnlag; ingeniørar, navigatørar, økonomar m. fl.

Produktspekteret

– Vi leverer alle dei vanlige produkta innan sjø- og landforsikring, seier Bakke. På sjø er det kasko og ansvar, fangst, reiskap og mannskapsforsikringar.

På land er det brann, bil, bustad etc. Vi er svært opptatt av at kunden får det riktige produktet, og vi fokuserer på å gjere det enkelt.

– Egentlig har vi ikkje kundar, men

medlemar. Medlemene eig oss og innan sjøforsikring prøver vi å gi medlemene ein premierabatt (bonus) på minst 10% kvart år.

I tillegg til privatforsikringer tilbyr også Møretrygd næringsforsikring til små og mellomstore verksemdar.

– Vi gir god service. Skjer det ein skade tar vi tak i situasjonen med ein gang og enten møter opp sjølv eller sender nokon som kan hjelpe. Du møter og eit menneske i andre enden når du ringer oss i kontortida – og utanfor kontortida ved behov, lovar Bakke.

Møretrygd jobbar og aktivt med ska-

deførebygging og arrangerar mellom anna svært realistiske katastrofeøvingar for farty.

Utviklinga framover

– Vi har eit ambisiøst mål: 100 millionar i premieinntekter på sjøforsikring og 100 millionar på landbaserte forsikringar om nokre år. På sjøsida reknar vi nøkternt med ei konsolidering, mens utviklingspotensialet er stort på land.

– Den største utfordringa framover blir å kontrollere veksten, slik at vi heile tida gir god service til kundane, avsluttar Bakke.



møretrygd

Forsikring

– med lokal forankring

Komplette forsikringsløsninger på sjø og land

ÅLESUND: 70 10 12 50
FOSNAVÅG: 70 08 12 80
VOLDA: 70 05 97 50

www.moretrygd.no - firmapost@moretrygd.no